



Urnededsetjing

Urnededsetjing vert nytta når det er ynske om det. Til vanleg er det inga kyrkjeleg teneste ved denne handlinga. (Sjå likevel Allmenne føresegner punkt 9 om eventuell jordpåkasting.)

Den som er heden om å stå føre nedsetjinga, kan nytta heile eller noko av ordninga.

1 | Salme

2 | Nedsetjing av urna

Urna vert sett ned i jorda.

3 | Skriftlesing

Lat oss høyra Herrens ord.

Herren vår Gud skal gjera døden til inkjes for alltid. Han skal turka tårene av alle andlet. **JES 25,8**

Dette forgjengelege må verta ikledt uforgjengelegdom, og dette dødelege ikledt udødelegdom. Men når dette forgjen- gelege er ikledt uforgjengelegdom, og dette dødelege er ikledt udødelegdom, då vert det ordet oppfylt som står skrive: Døden er gløymt og sigeren vunnen. Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger? Men Gud vere takk, som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus! **1 KOR 15,53-55.57**

4 | Herrens bøn

Lat oss be Herrens bøn.

A | Fader vår, du som er i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Forlat oss vår skuld, som vi og forlet våre skuldmenn. Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

5 | Velsigning

Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn vere med dykk/ oss alle.

6 | Salme